

Pokèmon-feber, også i Uskedalen.

22.07.2016



Ved grønsakene på Spar fangar Elias og Sander endå ein pokémon.

**Dei første vekene av sommarferien var det fullt av unge fotballspelarar på kunstgrasbanen heile dagane. Siste veka har det berre vore eit fåtal når vi har vore nedom banen. Grunnen er ikkje at alle er vekkreist, nei, hovudgrunnen er at pokémonfeberen rasar også i Uskedalen, og mange er opptatt av den.**

To av dei mange som er ivrige etter å samla pokémonar ved hjelp av mobilen, er Elias Jensen Eide og Sander Ø. Eikenes. Eg treffer dei i kaffikroken på Spar der dei tar seg ein pause og slappar av med varm sjokolade. Dei fortel at dei to samarbeider om å samla pokémonar. Dei har lasta ned ein app på mobilen, og så er dei rundt i bygda og samlar pokémonar. Dei to kan visa at dei har fanga mange, og dei mest verdfulle dei har, er Pigdeotto, Venonatt og Gastli. Dei fortel vidare at heile gjengar spelar saman, og såleis er jakta også sosial. Dagen før hadde dei vore 5 stykke som spelte saman.

Jakta føregår ved at dei går, spring og syklar rundt i bygda. Når dei får signal om at det er ein pokémon, set dei mobilkamera på han og så kan dei fanga han med å kasta pokéballs på han. Dei kan finna pokémon utplassert alle mogelege plasser.

- Vi leitar rundt i byggjefelt, i båthamna og alle mogelege plassar, men inn på kyrkjegarden går vi ikkje. Det passar seg ikkje, forklarer dei to og fortel at det har vore avisoppslag om det andre plasser.

Medan dei sit og nyt sjokoladen sinn, tar Elias seg ein tur. Borte ved grønsakene i butikken oppdagar han ein pokémon, og då viser han underteikna korleis jakta føregår. Etter nokre forsøk får han inn treff på kastet og dei sikrar seg ein ny pokémon i samlinga.

Då dei er ferdige med den varme sjokoladen på Spar, fortel dei at dei slal sykla oppover Døsslandssido, for der er ein god plass, meiner dei. Underteikna følgjer etter, og like etter dei har tatt av frå hovudvegen vert det stopp. Dei har fått signal om ein utplassert pokémon.

No spørst det kor lenge Pokèmon-feberen vil vara. Det vert i alle fall lagt ut nye pokèmonar kvar dag, og i tillegg flyttar dei seg.



På Nedre Feet vert det stopp. Ny pokèmon i sikte!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.